



## Utbygging av Kyrkjetunet har starta!

Sjå side 7.



### Språkkafé startar opp igjen

Vil du hjelpa andre til å snakke bedre norsk?

Les meir på side 3.



### Hausten er tid for messer

22. oktober blir det Misjonsmesse i kyrkjetunet, og Julemessen er 19. november. Les meir på side 5.



### Medlem av Den Norske Kyrkja

No kan du sjekke din medlemsstatus.

Les meir på side 8.

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

**REDAKSJON:**

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

**ADRESSE:**

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

**UTGJEVAR:** Os sokneråd

**ANSVARLEG REDAKTØR:**

Gerhard Hansen

**LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:**

Picapoint Studio  
www.picapoint.no

**FOTO FRAMSIDE:**

Os sokneråd

**TRYKK:** Borge Grafisk AS

**OPPLAG:** 8.055 stk

**OS SOKNERÅD:**

Postboks 209 - 5202 Os

**LEIAR:**

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598  
antu-bjo@bkkfiber.no

**OS KYRKJE:** Tlf. 56 57 24 10

**KYRKJEKONTORET I OS:**

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.  
Fax 56 57 24 01. E-post: post@os.kyrkja.no  
Kontortid: mandag-fredag kl.09-14

LEIAR



Ny spilevegg  
i Eldstova.

## Videre med det viktigste

Da Det Norske Misjonsselskap feiret 150 års jubileum i 1992, var det til overskriften «Videre med det viktigste». Det kommuniserte at Norges eldste misjonsorganisasjon fortsatt så framover, og fortsatt var forpliktet på oppdraget Jesus gav disiplene sine: «Gå ut i hele verden og forkynn evangeliet for alt som gud har skapt» (Mark 16, 15)

Her i Os kyrkjelyd ser vi også framover, forpliktet på det samme oppdraget: om å dele videre det viktigste vi har. Budskapet om Jesus. Derfor bygger vi ut kyrkjetunet. Vi ser framover, for å bygge videre på Os kyrkjelyd, at stadig flere mennesker skal få et hjem i kyrkja og i kyrkjetunet og få oppleve Guds kjærlighet gjennom språkkafe, koininia, ungdomsklubb, speider og alt annet vi driver med.

Men ordet videre inneholder også fiffig ordspill som jeg også låner fra NMS. Vi+Dere= Videre. Å bygge ut kyrkjetunet er et felles løft vi alle gjør som kyrkjelyd. Dette er ikke kyrkjeverjas, sokneprestens, kapellanens eller trusopplæringsmedarbeiderens prosjekt.

Det er vårt alles, og det forplikter oss. Det forplikter oss økonomisk. Det koster å bygge ut. Det koster oss personalmessig, både som ansatte og frivillige. Det kreves armer og bein å fylle huset med mennesker. Og framfor alt: det krever bønn. Alt kristent arbeid starter med bønn, og skal vi greie alt vi ønsker med utbygginga av tunet vårt, trenges det bønn. For vi bygger ikke for å leie ut til kunstutstillinger og konferanser.

I første rekke bygger vi for at vi skal fortsette med det kirken har gjort til alle tider. Å gå videre med det viktigste. Velkommen med det du kan bidra med.

**Roar H. Evjedal**  
KAPELLAN







Vil du hjelpe andre til å snakke bedre norsk?

# Kom på språkkafé!

**Onsdager klokken 17-19  
i Kyrkjetunet i Os sentrum,  
adr. Øyro 49.**

**Datoer:** 7. september, 21. september,  
5. oktober, 19. oktober, 2. november,  
16. november, 30. november og  
14. desember.

Språkkafeen er for alle; barn, ungdom og voksne. Tilbudet er gratis. Bli gjerne med i facebook-gruppa: "Språkkafeen i Os".

Språkkafeen er et samarbeid mellom Os Norsk Folkehjelp, Os Frivilligsentral og Os kyrkjelyd.

**Velkommen på språkkafeen i Os**

Ласкаво просимо!  
Хочеш навчитися говорити норвежською краще?

هل تريد ان تتعلم وتتكلم النرويجية؟ أهلا وسهلا

Öpid norra kæle? Tærætahnud!!

DO YOU WANT TO LEARN AND IMPROVE YOUR NORWEGIAN? WELCOME!

Dobro dosli!

Vil du snakke bedre norsk? Velkommen på språkkafé!

**Hvem er språkkafeen for?**

- For deg som ønsker å øve på å snakke bedre norsk.
- For deg som vil hjelpe andre til å snakke bedre norsk.
- For alle; barn ungdom og voksen
- Tilbudet er gratis.

**Bli med i facebook-gruppa "Språkkafeen i Os"**

Kontaktinformasjon: Jannike G Rogne  
tlf.56572406 eller e-post: jgr@os.kyrkja.no

**Sted:** Kyrkjetunet i Os sentrum, Adr. Øyro 49

**Tid:** onsdager kl.17-19

**Dato:** 24.august  
7. september  
21. september  
5. oktober  
19. oktober

2. november  
16. november  
30. november  
14. desember

**OS Kyrkjelyd** **FRIVILLIG** **Norsk Folkehjelp**

## Kyrkjelyden sitt tilbud til etterlatne

**Når ein av dei nærmaste fell bort endrar tilværet seg. Sorga over den som har gått bort kan gi ulike reaksjonar, og erfaringane, kjenslene og utfordringane varierer. Kyrkja ønsker å vere tilgjengelig for den enkelte, og har fleire måtar å vise dette.**

**Sorglys** er ei lita helsing til familien frå kyrkjelyden. Lyset blir levert om lag to til tre månader etter dødsfallet. Dei som leverer denne helsinga er frivillige engasjert i kyrkjelyden sitt tilbud til etterlatne. Eit brev med informasjon om sorglyset blir sendt ut i forkant, slik at det er mogeleg å avtale tidspunkt, eventuelt takke nei til dette tilbudet.

**Samtale** med ein av prestane eller diakonen. I denne samtalen er det du som kjem som bestemmer kva vi skal snakke

om. Samtalen blir avtalt ved at den enkelte sjølv tar kontakt med kyrkjekontoret.

**Minnegudsteneste:** På Helgemessesøndag, første søndag i november, inviterer kyrkjelyden til minnegudsteneste i både Os kyrkja og i Nore Neset kyrkje. I denne gudstenesta vert namna på dei avlidne siste året lesne og det vert tent eit lys for kvar.

**Kveldsope** er ein møteplass for oss som er etterlatne. Vi samlast over ein kaffikopp og snakkar om erfaringar, kjensler og

utfordringar. Kveldsope er eit samarbeid mellom kyrkja og kommunen. Tidspunkta i haust er 6.september og 15. november kl.19.30 i Frivilligsentralen sine lokale i det gamle kommunehuset.

**Sorgsamling:** I løpet av februar/mars inviterer kyrkjelyden til sorgsamling. På samlinga får vi ei innleiing om ulike sorgreaksjonar, samt møte andre som har opplevd å miste nokon av sine nære.





# Kick off

## - start på konfirmantåret

**Fredag 19/8 var nær 150 konfirmantar samla på kyrkjeplatnen til oppstart og kick-off for konfirmantåret 2016/2017.**

Ulike oppgåver, underhaldning, mat og felles avslutning i kyrkja. «Trur dette kan bli triveleg», sa ein konfirmant.



## K-BENK

**Benken for konfirmantane og deira familie, vener og kjende.**

Vi ynskjer at konfirmantane våre skal finne sin plass på gudstenestene hos oss, og at dei vert sett og møtt på ein god måte. Difor vil vi i år merke nokre benkerader midt i kyrkja med «K-benk».

Der skal konfirmantane ha sin plass saman med vener og familie som dei kjem saman med. Det er og fint om gruppeleiarar, nettkontaktar og andre frammøte som ynskjer kontakt med konfirmantane set seg på K-benken saman med dei.

## Velkommen til ny sesong i Join Us Tensing!

**Vi er ein fin gjeng med ungdommar i aldersgruppa 13-19 år som har det kjekt i lag. Likar du song og musikk, dans og drama, eller har du interesse for lyd, lys og media?**

Ja, då er dette rette staden for deg! Øving kvar onsdag kl 19-21 i Kyrkjetunet. Julekonsert og vårshow er faste ting som vi øver til. I tillegg deltek koret i gudstenester i Os eit par gongar i semesteret.



Join Us Ten Sing er tilknytt KFUK-KFUM og har tradisjon for å delta på Nattcup og Vinterfestival i regi av KFUK-KFUM.

I løpet av hausten reiser vi på tur ei helg for å bli kjende med kvarandre, og vår/sommar tar vi gjerne ein telt-tur som avslutning av sesongen.

**Medlemsskapet har ein prislapp på kr 550,- pr år – og turane kjem i tillegg.**







# Misjonsmesse i Kyrkjetunet 22. oktober

Misjonsforeiningene i Det Norske Misjonsselskap er godt i gang med førebuingar til den årlege misjonsmessa. Det vert laga gevinstar til lotteriet og handarbeid som skal vera til sals.

## Messa opnar kl. 10.00

Det vert salg av handarbeid og bakverk, og i peisestova kan ein få kaffi og vaflar. Fleire av foreiningsmedlemmene bakar lefser, noko som har blitt ei god salsvare på messedagen.

Frå kl. 11. vert det åresalg og frå kl. 12 og utover kan ein få kjøpt betasuppe og risengrynsgraut. Kake og blomsterlotteri og loddsalg på bøkene vert det og. Dagen avsluttes med familiesamling kl.16.00 med andakt, sang av barnekor, ettermiddagskaffi, åresalg og trekning av loddbøkene .

*Vel møtt!*

---

# Julemessa 19. november

Den tradisjonelle julemessa til inntekt for barne- og ungdomsarbeidet vert laurdag 19. november.

Salsmesse, loddsal, underhaldning, laurdagsgraut og aktivitetar; ei messe for heile familien.

## Ny misjonær frå Os!

Marius Bergersen oppvokst i Hagavik, reiser i august saman med kona si, Karoline som er frå Ellingsøya ved Ålesund, til Japan for Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM).

På søndagsmøte i Betania bedehus 22. mai fekk forsamlinga høyra Marius fortelja om oppveksten på bedehuset i Hagavik og frå tida han var medlem i Hagavik barneklubb.

Forsamlinga fekk på ny lagt kallet til teneste i Guds rike innover seg, og Marius ba om forbønn for seg og Karoline for tenesta dei skal gå inn i. Forsamlinga i Betania bedehus er takksame for at dei to unge vil gå inn i kallet frå Gud, og me vil vera med og støtta dei i forbønn og offer.

*Oddvar Torget*





# Sprell Levande søndagsskule

## Barnesamlingar ved gudstenester i Os og Nore Neset kyrkje

Os kyrkjelyd ønskjer å gje Jesus til borna og at dei skal læra Jesus å kjenna. Barnesamlingane i Os og Nore neset kyrkje gjer rom for undring over livet og trua. Det er ein trygg og god stad å vera for borna under gudstenesta. Der kan dei få oppleve at dei er verdifulle, og skapte i Guds bilde.



**SPRELL  
LEVENDE**



Årets tema og datoar kjem på neste side ->

## Bli med på Os FamilieKRIK!

«For i han er det vi lever, rører oss og er til» Apgj. 17, 28

Os FamilieKRIK er eit lokallag i KRIK-organisasjonen. Vi har familiesamlingar om lag ein søndag i månaden i Nore Neset idrettshall kl 16.30 – 18.30. Her et vi medbrakt kaffemat saman, får med oss ei familieandakt før vi leiker og beveger oss i hallen etterpå. Aktiviteter for alle aldrar og behov! Kjekt om de vil vera med! Ta kontakt med Rune Døsen Dahl, tlf 93436998.

**Vel møtt desse datoane:** 18.sept / 16.okt / 27.nov / 11.des

Lik oss gjerne på facebook og få med deg informasjon og aktiviteter: «OS Familiekrik»

**KRIK**  
KRISTEN IDRETTSKONTAKT



## 1 år er temaet «Heilag og nær»

Vi møtes på gudstenesta kl 11, og etterkvart vil søndagsskuleleiraren invitere borna fram for å sjå kva som er i skattekista!

Så syng vi nokre barnesangar, før vi går saman inn på søndagsskulerommet (Nore neset) eller bort i kyrkjetunet, til søndagsskule-rommet i 2.etasje (i Os). Her får borna tenne lys, høyre ei bibelforteljing, og leike saman.

Syns du dette høyses kjekt ut, og kan tenka deg å væra med i dette arbeidet? Vi treng deg!

**Ta kontakt med Gro Helen B. Skjælaaen tlf 56572412/  
epost:ghs@os.kyrkja.no**

**Hjarteleg velkommen!**

Dato	Stad	Aktivitet
4.sept	Os kyrkje, Høgmesse	Barnesamling i kyrkjetunet
11.sept	Os kyrkje, Høgmesse	Barnesamling i kyrkjetunet
11.sept	Nore neset kyrkje, Høgmesse	Barnesamling
18.sept	Os kyrkje, Bandgudsteneste	Barnesamling i kyrkjetunet
25.sept	Os kyrkje, Konfirmantpresentasjon	Barnesamling i kyrkjetunet
25.sept	Nore neset kyrkje, Konf.presentasjon	Barnesamling
9.okt	Os kyrkje, Bandgudsteneste	Barnesamling i kyrkjetunet
9.okt	Nore neset kyrkje, Fam.gudsteneste	Samling for alle i kyrkja
16.okt	Os kyrkje, Høgmesse	Barnesamling i kyrkjetunet
23.okt	Os kyrkje, Kongshaug deltek	Barnesamling i kyrkjetunet
30.okt	Os kyrkje, Høgmesse	Barnesamling i kyrkjetunet
6.nov	Os kyrkje, Høgmesse	Barnesamling i kyrkjetunet
6.nov	Nore neset kyrkje, Høgmesse	Barnesamling
13.nov	Os kyrkje, Familiegudsteneste	Samling for alle i kyrkja
20.nov	Nore neset kyrkje, Myldregudsteneste	Babysang. Samling for alle i kyrkja
27.nov	Os kyrkje, Speidergudsteneste	Samling for alle i kyrkje
27.nov	Nore neset kyrkje, Familiegudst	Samling for alle i kyrkja
11.des	Nore neset kyrkje, Høgmesse	Barnesamling

## Ledige plassar på ungdomstur til England

**7.-13. oktober reiser ein gruppe ungdomar frå kyrkjelyden på besøk til Barrow-in-Furness i England.**

Vi reiser frå Bergen til London, og vil ta buss vidare derifrå. I Barrow vil vi treffa ungdomar som er med i ungdomskyrkjelyden Pulse, som Os kyrkjelyd støttar i bøn og økonomisk. Det er og lagt inn ein tur til Manchester for dei som ynskjer det. Eigenandelen på turen er 5000 kr, og inkluderer reise, overnatting og tre måltid om dagen. Vi har ni ledige plassar.

**For meir info og påmelding, kontakt Roar Evjedal på e-post rhe@os.kyrkja.no eller telefon 93441968.**





## Koinoniaturen 2016

Turen starta 24. mai, med fyrste etappe til Geilo. Der vart det lunsj på Bardøla Høyfjellshotell. Neste stopp var Halden. Den strekkja var lang, men vi hadde god buss, stødig sjåfør og folk med godt humør.

Etter ein lang dag var det godt å koma i hus. Hotellet låg fint til heilt i sjøkanten, og været var strålande. Betre kunne det knapt verta.

Neste dag tok vi turen innom Sverige, med Strømstad som mål, ein by som var ny for dei fleste. I Sverige måtte det sjølvsgagt handlast. For oss på spinnesida var det nok meir enn ei som fekk seg ny dunjakke den dagen!

Frå hotellet i Halden såg vi rett opp på eit høgeddrag der Fredriksten festning er plassert. Historia om den fortel at vi ikkje alltid har hatt det like fredeleg med dei nærmaste grannene våre i aust.

Frå Halden fór vi til Fredrikstad og til ein ny festning, og etter omvising på den fekk vi lunsj der. Elles vart det tid til ein guida tur


i Gamlebyen. Det er heilt spesielt med så mange gamle hus samla på eitt område, og husa var i bruk.

Fredag 27. mai var det heimferdsdag. Det var tidleg frukost før vi sette oss i bussen, for turen heim tok tid. Sjåføren hadde sikta seg inn på den siste ferja frå Venjanaset, og den nådde ho prikkfritt.

Per Fimreite hadde som alltid lagt opp til ein finfin tur. Vi vågar knapt tenkja på all den tid han må ha nytta for å få alt til å klaffa. Difor skal presten og dei gode medhjelparane hans ha stor takk, like eins den flinke sjåføren.

«Den turen gjorde meg godt,» konkluderte ei av kvinnene. Betre kan det ikkje seiast.


Sølvi Haga



## Medlem eller ikkje medlem i Den norske kyrkja?

No kan du sjølv sjekke om du er medlem av DnK. Du kan logge deg inn på [www.kyrkja.no/medlem](http://www.kyrkja.no/medlem). Du bruker BankID eller annan sikker påloggingsmåte.

Du kan berre sjekke eige medlemsstatus. Born har ikkje eiga pålogging. Vil du avklare medlemsstatus for borna dine, må du kontakte kyrkjekontoret på tlf 56 57 24 13.



### OM MEDLEMSKAP I DEN NORSKE KYRKJA

Den norske kyrkja er ei folkekyrkje som vender seg til heile folket. Også dei som ikkje er medlemmer i Den norske kyrkja er velkomne til gudstenester og andre arrangement i kyrkja.

Som medlem av Den norske kyrkja er du del av eit kristent trussamfunn som også har mange sosiale aktivitetar og tilbod. Du er del av ein fellesskap som er der for deg når du treng det. Som medlem har du også visse rettar. Til dømes må du vere medlem for å ha rett på vigsel, gravferdsseremoni, osv. i kyrkja. Vidare må du vere medlem for å kunne røyste ved kyrkjeval, og også for å ha jobb eller tillitsverv i kyrkja. Det er inga medlemsavgift eller særskild kyrkjeskatt for medlemmer i Den norske kyrkja. Kyrkja er finansiert av stat og kommune uavhengig av medlemstal.





# Vi må løfte i lag!

Det er takka være ein stor flokk menneske som på frivillig basis gjer ein god og viktig jobb for kyrkjelyden at vi kan ha så mange aktivitetar for store og små, eldre og unge.

Dei fleste av oss har ting vi likar å gjere. Vi som held på med trusoplæring ønskjer å ha nok folk til å dekkje behovet der det trengs, og det kan like gjerne være åndeleg som praktisk.

Nokon er gode til å halde andakt, andre kan ikkje tenkje seg å gjere det, men likar praktiske oppgåver. Både den eine og den andre er like viktige i arbeidet for Guds rike. Nokon er musikalske andre ikkje, begge kan gjere ein innsats i kyrkjelyden. Alle er like viktige! Resultatet vert ofte best når folk får gjere det dei kan og likar.

Nokon held søndagsskule, andre har i oppgåve å leggje ark i konvoluttar når kyrkjekontoret skal ha ut informasjon

til dei ulike aldersgruppene. Nokon gjer reint i tunet laurdags ettermiddag slik at det vert fint til søndagen, medan andre lagar til kyrkjekaffi. «Vi treng alle må vite – tenk om vi hadde ein for lite» (fritt frå barneboka «Fredrik» )

Har du hjarte for ungdom er oppgåvene mange – og det er ei fryd å være saman med unge og få innblikk i deira verd. Vi ønskjer at ramma rundt kyrkjelydens samlingspunkt vert så gode og inkluderande som mogeleg, og her treng vi mange folk som kan bidra med det dei kan.

Har du lyst å ha ei oppgåve i kyrkjelyden? Har du litt tid - og lyst å hjelpe til? Det kan være alt frå å trekkje kaffi,

smørje skiver, vaske opp eller levere ei kake og liknande – til å være med som leiar. Oppgåvene er like forskjellige som dei er mange.

## Vi ønskjer deg med på laget!

Ein gong i året vert dei frivillige gjort litt ekstra stas på. Det kan være eit måltid og/eller ein konsertbillett til redusert pris.

For å melde deg til teneste er det berre å fylle ut slippen og gje den til ein av oss på kyrkjekontoret – eller send ein e-post til: [ijh@os.kyrkja.no](mailto:ijh@os.kyrkja.no)

**Inger-Johanne Haugland**  
FRIVILLIGHETSKOORDINATOR/OS KYRKJELYD



## Eg ønskjer å være med som frivillig medarbeidar i kyrkjelyden

Namn: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Postnummer/Stad: \_\_\_\_\_

Mobilnummer: \_\_\_\_\_

E-postadresse: \_\_\_\_\_

Eg kan tenkje meg å være med på :

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_



## No er det tid til å gje!

*Etter ein formidabel dugnadsinnsats vart kyrkjelydshuset på Osøyro teke i bruk hausten 1989. Namnet vart Kyrkjetunet. Det lyder heimsleg og trygt. Slik vart det òg. Ein langvarig draum hadde gått i oppfylling. Framhaldet kjenner me: Kyrkjetunet har hyst ei lang, lang rad av funksjonar, aktivitetar og tilskipingar, til stor velsigning og vokster i kyrkjelyden.*

No er det nye tider, nye og store oppgåver som krev ny innsats. Men også denne gongen er det ein draum som held på å verta røyndom: Ein storsal med tilhøyrande naudsynte fasilitetar. Renoveringa det gamle «Tunet» er i full gang, og byggjearbetet på storsalen er like om hjørnet.

Denne gongen slepp me å grava grøfter, støypa og mura, snikra og måla og klatra på taket med tung vossaskifer i nevene. Men dugnad lyt til likevel! Det trengst pengar, mykje pengar. No er det tid til å gje! Korleis det kan gjerast, står det jamleg opplysningar om i kyrkjebladet.

Har me råd til det? Dei aller fleste i Noreg lever godt og sutlaust. Heller ikkje i Os har alle meir enn det som trengst til det daglege brød. Men mange av oss har god råd. Det fortel dyre hus, bilar, båtar og feriereiser. Og så kan me alle

gje etter evne og motivasjon. Som truande menneske skulle me ta meir til oss apostelens ord: «Å frykta Gud og vera fornøgd med det ein har, er ei stor vinning.» Denne sanninga, at gudsfrykt og nøysemd høyrer saman, treng me å verta minte meir om, også frå preikestolen.

Me er takksame for den store og trufaste innsatsen som både tilsette og frivillige medarbeidarar gjer i Os kyrkjelyd. Då er det òg viktig at dette arbeidet får så gode lokalitetar som råd. Som det heiter i visa: «Folk treng hus, og hus treng folk.» Å gje av det me har fått med vår velstand, ber velsigning i seg. Gjevartenesta til Kyrkjetunet, både små og store summer, er ei solid investering. Ei investering i lokalsamfunnet, i framtida for kyrkjelyden og for vekst i Guds rike. Ikkje noko er større enn det.

**Lars Hernes**

## Bladpengar

Vi ber om at du betaler bladpengar til konto: **3201 53 23484**. Vi ber i utgangspunktet om kr 200,-, men du kan betale høgare eller lågare beløp etter kva du kjenner er rett for deg. Vi sender ikkje lenger ut giro; det fordyrar utsendinga og vi trur dei fleste no brukar nettbank. Treng du giro, sender vi deg gjerne det; ta kontakt med oss på tlf 56572400.

**BETALINGSMÅTAR:** Dei fleste nyttar i dag nettbank og mange eldre har god erfaring med brevgiro. Frå juni har vi og fått etablert mobilbetaling med mCASH eller Vipps. Dersom du brukar Vipps, sendar du til til Os kyrkjestyre/ bedriftnr 017845.

*Vi har etablert ordning med*



Last ned mCASH-appen og installer på din telefon.



Skann denne QR-koden og betal **bladabonnementet** ditt raskt og enkelt.

*Du kan og gje ei gåve til trinn III med*



Skann denne QR-koden og betal slik du kjenner det er rett for deg.



Gåvebeløp på mellom 500 og 25 000,- gjev skattefordel.



# Kyrkjetunet - framstår i ny drakt etter rehabilitering

I sommar har det vore stor aktivitet i Kyrkjetunet. Golv er brote opp, nye varmekablar lagt og nye golv støypt. Nymala vegger, nye dørar, lampar,- eit heilt nytt kyrkjetun.

Etter anbudsrundevar det Byggmeister Kjell Aarvik A/S som fekk oppdraget med utbygging av trinn III og arbeidet med oppussing av eksisterande bygning. Det er dei mest brukte rom som no har fått ei naudsynt fornying og oppgradering.

**Salongen:** nytt golv, nymala og ny himling/nye lampar. Vi trur det blir eit flott rom for mindre grupper; - opp til 10-15 personar.

**Eldstova:** nytt golv, nye overflater/vegger og innbygging av mesaninen; fint dekorert med spilevegg. Nye lampar og ny dør tett mot kjøken. Hovudøra til kyrkjetunet er utvida. Det skal og vere vindaug mellom eldstova og korridoren.

**Spegelen:** No er det ikkje lenger speil på den eine veggen lenger og vi må finne nytt namn på dette rommet. Her er det og endra inngang til rommet. Nytt golv og nymalte vegger.

**Korridor:** Her er det og nye slette vegger, malt i ljose farger, nye himling/ljos og seinare i haust skal det leggjast nye flisar. Her er det støypt nytt golv og lagt nye varmekablar.

**Møblar:** Dei fleste møblane i kyrkjetunet er utslitne etter mange års bruk. Nye møblar skal kjøpast inn i haust. Fram til nye møblar er på plass, bruker vi dei gamle.

**Økonomi:** Samla kontraktssum med byggmeister Aarvik er godt innanfor dei budsjett vi har sett opp for utbygging. Vi veit at ved ombygging kan det fort avdekkast feil og skader som vi ikkje visste om. Vi har ein reservepost til slike kostnader. Og det har vore nyttig; fukt-skader under golva gjorde det naudsynt med å støype nye golv i fleire rom.


## Vidare framdrift

I løpet av oktober skal dørane i eksisterande bygg skiftast ut. I ein overgangsperiode vil kyrkjetunet ha eit preg av framleis å vere litt arbeidsplass. Likevel vi dei ulike lag/grupper kunne bruke romma som før til sine samlingar/øvingar.

Grunnarbeid til trinn III vil venteleg vera i full gang når du les dette. Her har grunnundersøkingar med vurdering av masser, stabilitet ført at gravearbeidet kom i gang nokre veker etter planen. Det er viktig at grunnarbeidet er skikkeleg prosjektert/vurdert slik at vi er trygge på at den nye fløya vil stå stabilt og vi ikkje får setningskkader seinare.

I løpet av oktober skal vi ha «tett hus» på den nye fløya og så går innreiingsarbeidet framover hausten/vinteren. Etter planen skal vi ta den nye fløya i bruk i februar. Noko av utearbeidet (m.a. måling yttervegger) skal vente til temperatur er høveleg for utandørs målingsarbeid.





# Aktuelt innan trusopplæring i haust

## Førsteklassinger

Aller først har vi jo dei små/store (menlittmåenda) førsteklassingene våre! Dei har fått vera med på skulestartgudsteneste. Og blir etter jul invitert igjen til «heilt førsteklasses».

## 4-års bøker

Det er i haust to utdelinger av 4-års bøker. 2. oktober i Os kyrkje og 9. oktober i NoreNeset. Samtidig med 4-års bokutdelinga på Nore Neset, markerer vi og hausttakkefest. Dei aktuelle barna får invitasjon i posten og melder seg på via nettsida vår.

## Lys Vaken

I november blir 11-åringene invitert til Lys Vaken i både Os og Nore Neset kyrkje.



## Babysong

Babysong starter opp igjen i starten av september. Her er døra høg og terskelen lav :). Vi syng og leiker saman med babyene. Det er eit fint tilbod, og ei god anledning til å bli kjent med andre i nærmiljøet og ikkje minst med si eiga kyrkje. På ein litt annleis måte enn ein gjerne har gjort før. Me syng ei lita stund, og så har mødrene med seg mat og me lager kaffe. Tilbudet er på både Os og Nore Neset. Påmelding gjerast via nettsida vår: <http://os.medarbeideren.no>


## Ny serie med «Bli kjent i kyrkja»-kurs» i haust

Kurset er utvikla av Bjørgvin og Stavanger bispedøme på bakgrunn av at Helse og omsorgsdepartementet i 2009 understreka at det må sikrast at "de som er avhengige av praktisk og personlig bistand fra den kommunale helse- og omsorgstjenesten, også får ivaretatt sine muligheter til egen tros- og livssynsutøvelse" (Rundskriv frå Dep. til kommunane nr. I-6/2009) Kurset i haust er planlagt i samarbeid mellom ansatte i kommunen, tidlegare kursdeltakar, foreldrerepresentantar, diakon og soknepresten. Kvar kurskveld varer i 2 timar og består av ei samling i kyrkja der ein går gjennom tema, før vi samlast til kveldsmat i kyrkjetunet.

**Første kurskveld er torsdag 15. september.**

**Frist for påmelding er 13.september.**

**Ynskjer du meir informasjon, kan du kontakte kyrkjekontoret.**





## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv,  
andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22.40 00.40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

 **KIRKENS  
SOS**

# Endringar i Stab

## 2 av våre medarbeidarar har i sommar slutta.

**Stine Kobbeltvedt** har hatt funksjon som barnesekretær og frivillighetskoordinator. Ho starta i stillinga august 2012; siste året har ho berre hatt funksjon som barnesekretær. Vi takker Stine for fin teneste gjennom 4 år og ønskjer henne lukke til med arbeid i Os kommune.

**Sigurd Rotvik Tunestveit** starta som ungdomsarbeidar hausten 2015. Han kombinerte ei lita stilling her hjå oss med ei større stilling hjå Fargespill i Bergen. Fleire deltidstillingar med ein del kvelds- og helgearbeid er krevjande over tid, og når det vart høve til å konsentrere seg om ei stilling, var det stillinga hjå oss som vart prioritert vekk. Takk og til Sigurd for den tida du var her; kjenner at vi gjerne skulle hatt deg både lenger og meir. Kanskje det vert ei ny kyrkjeleg karriere seinare ?

**Hege Varhaug-Lekven** kom i juni tilbake etter svangerskapspermisjon og held fram med trosopplæringstiltak særleg retta mot dei yngste. Da «skapingsdagane» var ferdig, slutta og Gro Helen B. Skjælaaen vikariat ho hadde i Hege sin permisjon. Som følgje av ledige stillingsheimlar (ulike deltidstillingar) kunne søknerådet i sommar lyse ut ei stilling som kyrkjelydspedagog med særleg fokus på barne- og familiearbeid. Det meldte seg fleire kvalifiserte søkjarar. **Gro Helen** fekk tilbodet om den stillinga. Så berre nokre veker etter at vi hadde takka av frå vikariatet, kunne vi ønskje henne velkommen tilbake i fast stilling frå 15. august.

### **Gro Helen B. Skjælaaen**

**Alder:** 41 år, **Utdanning:**  
Barnehagelærer og musikk grunnfag.

**Arbeidspraksis:** Lærer i barneskule (8 år) og pedagogisk leiar i Nøtteliten barnehage sidan 2008. Aktiv i Os kyrkjelyd som born og ungdom og «eittåring» utsendt frå Os til Estland 1994/95.

**Arbeidsoppgåver:** Utvikle og vidareføre ulike tiltak for born og familiar i Os kyrkjelyd.



## Vi utfører alt innen grunnarbeid og transport for bygg, bolig og hage

Vi tilbyr tjenester som utgraving  
av tomter, anlegging av hager, muring,  
meisling, masseforflytting og salg  
av grus, pukk og jord.

Tømmernes 29, 5212 Søfteland

**Tlf. 93036705**

[m.bjornevik@hotmail.com](mailto:m.bjornevik@hotmail.com)

FØLG OSS PÅ FACEBOOK

**M. BJØRNEVIK**  
Graving & Transport



E-post: [m.bjornevik@hotmail.com](mailto:m.bjornevik@hotmail.com)

Tlf. 930 36 705

# Salme 458: I Guds stille får eg vera ordlaus

## (I Guds stillhet får jeg være rolig)

*I Guds stille får eg vera ordlaus, tagal, utan krav.  
Klåre rømder, opne dagar: her ei strand ved nådens hav.  
Og i Guds kjærleik vil eg kvila ynskt og elska, veit eg nøgd,  
øver meg i barnleg tillit, søkjer breidd og djupn og høgd.*

*I Guds Ande kan eg anda, nyskapt liv er bønesvar.  
Kvar ei stund av nærleik romar alt som er og blir og var.  
Og ved Guds hjarte er eg boren, varleg teken i hans famn.  
Medan løyndomen får djupna, kviskrar Faderen mitt namn.*

Denne teksten er skrive på svensk av Jonas Jonson (1939-), som var biskop i Strängnäs stift fram til 2005. Den har altså ikkje vore publisert i Sverige.



Teksten er omsett til norsk av Øystein Thelle. Her hos oss er den blitt kombinert med ein folketone frå Lom. Dette er eit eksempel på det som i litteraturvitenskapen kalles kontrafaktur. Det vil seie at denne melodien med verdsleg tekst er gjort om til åndeleg song. Melodien er kjent frå Seks gamle bygdevisur frå Lom (1929).

**Andrew Holman**



## Sokneprestens hjørne: Medlemsras i Kyrkja?

**Då det – endeleg! – vart mogleg å melde seg inn og ut av kyrkja, elektronisk, nytta mange høvet. Avisene melde om fleire tusen utmelde i løpet av få dagar. Nokre få har gått den andre vegen, og meldt seg inn.**

Eg høyrer til dei som er glade for at det ha vorte enklare for folk å ha kontroll på eigen kyrkjemedlemskap. Vi har hatt mange nok døme på at menneske som ikkje ynskjer å vere medlem, likevel har vært registrert, av de vi ikkje har hatt gode nok system og rutiner. Eg ynskjer nyordninga velkomen.

Samstundes er glad for alle dei som ikkje melder seg ut, det er trass alt det store fleirtalet. Vi treng ei breid folkekyrkje her i landet. Ei kyrkje som rommer tru og tradisjon. Ein tilknytning til det som er vår europeiske kulturkrins og kulturarv. Berre den som er trygg på seg sjølv kan vere open i møte med andre. Det trengst i våre dagar.

Samstundes rommer kyrkja så mykje meir. Her er eit usynleg nærvær, ein Gud som kjem menneska nær i gudesonen og menneskesonen Jesus. I ordet, i sakramenta, i fellesskapen av menneske som trur mykje eller som trur lite, av menneske som ser ut til å lukkast i livet og av dei som slit.

Anten vi erfarer den usynlege treeingheita i våre liv eller knapt aner at noko er større enn oss sjølv. Vi kjem til kyrkja ved dei store høgtider og krossvegane i livet og gjer bruk av vår rett til å bli døypte og konfirmerte, gifta oss og gravlegjast frå den kyrkja vi høyrer til i.

Som medlem har ein og høve til å påverka ved å nytta røysteretten og ved å kunne velgjast.

**Margrethe Holmboe Askeland**

SOKNEPREST



# Notat frå møte i Soknerådet 15. juni

Onsdag 15. juni var siste møtepunkt for soknerådet før sommerferien, med kapellanen som stedfortreder for sognepresten. Stemningen var god blant de fremmøtte som antagelig så frem til sommer og sol og lyse dager, skjønt optimismen når det gjaldt sommerværet kanskje var noe overdrevet!

Møtesakene dreide seg både om de store perspektiv og mer detaljerte spørsmål. De store linjene handlet blant annet om fremtidig behov for kirkelig virksomhet med voksende folketall samt innføring av nye prostigrenser, hvor Os er blitt en del av Fana prosti. Dette må man imidlertid se på hvis Os kommune skal gå sammen Fusa kommune, som for tiden til hører Voss-Hardanger prosti.

Andre tema var prioritering av knappe personellressurser og strategier for konfirmanter og annet ungdomsarbeid. Vi fikk en mer detaljert gjennomgang og evaluering av fjorårets konfirmantarbeid, inkludert tanker og planer for hva som fungerer bra og hva som eventuelt kan gjøres bedre neste gang.

Etter oppsigelser fra to deltidsansatte var det blitt ledig rundt 80 % stillingsprosent, og vi hadde en diskusjon rundt hvordan disse ressursene best kunne brukes

fremover. Det er mange behov og mange gode formål i kyrkjelyden, og vi skulle gjerne gjort mer på så mange områder. Blant annet er det behov for å øke opp ressursene i diakoniarbeidet, det er mange arbeidsoppgaver på Kyrjekontoret og så videre. De ledige stillingsprosentene hadde imidlertid i hovedsak vært knyttet til barne- og ungdomsarbeidet, og det ble enighet om at det burde være slik også i fortsettelsen.

For øvrig går arbeidet med utbygging Kyrketunet fremover, med byggmester Kjell Aarvik som hovedentreprenør. I skrivende stund er arbeidet allerede godt i gang, og alle som leser dette oppfordres til å bidra økonomisk for å få dette viktige prosjektet i havn!

**Med ønske om en velsignet høst for alle,**

*Jo Kåre Herfjord*

---

## Vi tilbyr gravstell

Gravstellsavtalen er ein avtale for eit år av gongen. Årleg fakturering skjer i februar/mars for kommande år. Avtalen gjeld ein grunnpakke som inneheld: Stikking av kantar, ompading av bed før utplanting, påfylling av jord, gjødsling, luking, vanning og rydding om hausten.

**Ta kontakt med oss på kyrjekontoret på tlf. 56572400 eller [post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no) for prisar og meir informasjon.**



## Klimafakta & miljøtips

### Saman er me sterkare

Klimameldinga for Den norske kyrkja som kom i fjor, slår fast at me alle kan gjera mykje for å bidra til ei berekraftig utvikling. Kva spesielt kyrkja kan gjera er godt beskrive både i klimameldinga og i retningslinene for å vera grøn kyrkjelyd.

I evalueringa etter aksjonen «Klimapilgrim» i fjor, kom det fram at mange meiner at det er ein fordel om kyrkja i klimaarbeidet samarbeider med andre. Å arbeida saman med grupper som tek klimasaka på alvor, kan hjelpa, slik at me, både som einskildpersonar og samfunn, kan greia å gjennomføra endringane som me veit er naudsynte. Me kan melda oss inn i organisasjonar som Naturvernforbundet, Framtiden i våre hender, Miljøagentane og Natur og ungdom. Berekraftig liv-bevegelsen er i vekst og har no ei avdeling også her i Os. Ei anna gruppe er Besteforeldra sin klimaaksjon som i haust vil gjennomføra ein klimaaksjon i mange kommunar i Hordaland, også i Os. Mottoet er «Vil du vera deltakar eller tilskodar». I Os er både eit folkemøte, vitjing på skular, og møte med organisasjonar og lag under planlegging.

Det er framleis fullt mogeleg å bremsa utviklinga mot ein endå varmare klode. Dersom etisk bevisste menneske gjer det som klimakunnskapen krev, både som einskildpersonar og som aktørar i samfunnet, kan mykje skje!

*Gunnar Kvåle*

## Senior Koinonia - hausten 2016

Samlingar på kyrkjetunet kl 11:30:

**Torsdag 8/9:** «Og lyden av folk som skjemtar og ler» Jer. 30,19. Humør og humør i kyrkja, ved Sokneprest Erlend Lunde.

**Torsdag 22/9:** «Opne dører», ved informasjonleiar Linda Askeland.

**Torsdag 6/10:** «Strilen i møte med verden», Misjonssekretær Osvald Hindenes.

**Torsdag 20/10:** «Piken frå Prærien»- ei utvandrarsoge, ved forfattar Ragnhild Tangen.

**Torsdag 3/11:** «Derfrå skal lovsongen stiga», Rektor Oddvar Rotvik.

## TiTT (Torsdag i Tunet) Hausten 2016

På Titt presenterer vi tema til ettertanke og refleksjon med høve til uformell prat rundt borda. TiTT er eit ope lögterksel-tilbod til alle vaksne i Os. Møtene er i kyrkjetunet, starter kl 20:00 med enkel kveldsmat, musikk, innleiing og prat over kaffekoppen. Vi slutter av kvar samling kl 22:00.

- 01.09** «Trygge vaksne gir trygge barn»  
Psykolog Sunniva Barman Teige
- 29.09** «Smerte, Undring, Glede»  
Hans Jørgen Morvik, sokneprest i Domkirken
- 27.10** «Min, din og vår musikk». Tre innledere med ulike innfallsvinkler til musikkens betydning for en enkelte og fellesskap
- 24.11** Er religionsdialog for «hvermannen»? Korleis drive «nabolagsdialog» i Os? Marianne Bergsjø Gammelsæter fra Kirkens dialogssenter.

## Eldretreff i Kløvertun

- Et samarbeid mellom Sanitetsforeninga og Os kyrkjelyd. Datoar: 6. september, 4. oktober, 1. november og 6. desember (adventskonsert)

## Ope hus hos Grete og Vegard Hodneland:

Velumsbrekkene 28, kl 19.30,  
torsdag 22.september, 20. oktober,  
10. november og 8. desember.

## Kyrkjebladet i juni

Kyrkjebladet i juni hadde dessverre mange feil. Dei rutinar vi har omkring korrektur og kontroll av stoffet svikta. Det seiar vi oss lei for.

Gerhard Hansen, kyrkjeverje

## «Open søndag i Tunet»

I Eldstova, søndag 2. oktober,  
30. oktober og 20. november kl 18-20.

Støtt våre annonsører

# TRAVELNET

REISEGARANTI  
RGF  
FONDET

**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no) | [www.verden.no](http://www.verden.no)

## KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**

Tlf. 56 30 44 90

**JERNIA**  
[www.jernia.no](http://www.jernia.no)

## Støtt våre annonsører

**ING. G. VÅGE A.S**

5217 Hagavik  
Telefon: 56 30 55 39  
E-mail: g-vaage@online.no  
www.vaage.as

- Autorisert elektro og teileinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?  
Når du trenger elektriker  
kontakt Gunnar*

*Sag og høvleri*

**DRANGE BRUK AS**

Høvel- og skurdlast  
Panel - lister - golv  
Trykkimpregnerte materialar

---

**ALT TIL GUNSTIGE PRISAR**

---

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER

**OS HAGESERVICE**  
- alt innen hage

*Sage og fjerne trær,  
mur og belegningsstein*

*- Ordner alt i hagen for deg!*

56 57 66 77 / 99 00 80 80  
www.oshageservice.no

DRENERING • MURING • SPRENGING

**Botnevik  
Samdrift DA**

Alt innen graving  
og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

 **FUSA GRAVMONUMENT  
ØYVIND HELLAND**

Tlf.: 56 58 14 06  
Fax: 56 58 39 99  
Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

**GRAVMINNER**  
Stor salgsutstilling av  
nye monumenter  
Tilføyelser / Oppussing

 **EIKNER** 100År 2008

**STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN  
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
TLF. 55 98 70 00

**Os Gravferdsbyrå as**

**Døgntelefon  
56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

**www.osgravferdsbyraa.no**

## Takkoffer



Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 8. mai 2016

- 15.05.16 &**  
**16.05.16** Misjonsprosjektet, kr 8 484,-
- 17.05.16** Sjømannskirken kr 5 995,-
- 22.05.16** Garden of Eden, kr 6 617,-
- 29.05.16** Kyrkjjetunet, kr 9 592,-
- 05.06.16** NLA, kr 7 666,-
- 12.06.16** Barnearbeidet i kyrkjelyden, kr 8 216,-
- 19.06.16** KIA, kr 5 623,-
- 26.06.16** Kyrkjjetunet, kr 12 166,-
- 03.07.16** Mercy Ships, kr 5 193,-
- 17.07.16** Misjonsprosjektet, kr 4 828,-
- 24.07.16** Kyrkjjetunet, kr 6 220,-
- 31.07.16** Det teologiske menighetsfakultet, kr 2 850,-
- 07.08.16** Barnearbeidet i kyrkjelyden, kr 5 057,-
- 14.08.16** Kyrkjjetunet, kr 13 716,-





## DØYPTE

### 29.mai

Konstane Knutsdatter Hagevik ..... f. 08.03.16  
 Linnea Lunde Kongsvik ..... f. 28.02.16  
 Aurora Birkeland Torsvik ..... f. 21.01.16

### 5. juni

Sofie Lund Ask ..... f. 28.02.16  
 Robin Eikeland Bruarøy ..... f. 25.01.16  
 Else Lund Larsen ..... f. 16.09.15  
 Oliver Lyssand Rosvold ..... f. 20.02.16

### 12. juni

Edmund Ånensen Botnevik ..... f. 21.03.16  
 Iselin Rosvold Frotveit ..... f. 07.04.16  
 Julian Nilsen Karstad ..... f. 28.03.16  
 Abel Elias Myking Kleppe ..... f. 15.12.15  
 Amalie Sophie Heggnes Leirvåg ..... f. 02.02.16  
 Ellinor Hjørnevik Berge Midtseter ..... f. 03.03.16  
 Andrea Kaland Misic ..... f. 15.03.16  
 William Tvedt Pedersen ..... f. 18.03.16  
 Erik Jensen Solberg-Hansen ..... f. 15.12.15

### 26. juni

Håvard Rundhovde Tønseth ..... f. 24.02.16  
 Freya Satchell Vindenes ..... f. 20.04.16  
 Tobias Satchell Vindenes ..... f. 20.04.16

### 3. juli

Andreas Abusland ..... f. 11.04.16  
 Oliver Hallem Clausen ..... f. 29.03.16  
 Eskil Fauskanger Fenne ..... f. 11.04.16  
 Eda Johanna Jensen ..... f. 10.03.16  
 Levi Moss-Sælensminde ..... f. 18.01.16  
 Nicolai Matheo Nyland ..... f. 04.05.16  
 Tiril Sofie Lia Tveiten ..... f. 16.02.16

### 10. juli

Mathias Sivertsen Fagerhaug ..... f. 01.04.16  
 Jakob Hjertholm ..... f. 22.04.16  
 Matheo Leistad ..... f. 10.03.16  
 Ailo Risbakk Skåtøy ..... f. 01.04.16

### 17. juli

Kimberly Årvik ..... f. 31.03.16  
 Elliot John Bermingham ..... f. 20.12.15  
 Ronja Gustava  
 Fredriksen-Tonheim ..... f. 05.04.16  
 Sander Moberg Olsen Lokøy ..... f. 06.03.16

### 24. juli

Jens Widerøe Borgen ..... f. 28.04.16

### 7. august

Marco Helgesen Basso ..... f. 20.05.16  
 Sverre Lothe Bøthun ..... f. 28.05.16  
 Filippa Alice Munch-Nygaard ..... f. 06.01.16  
 Oscar Andreas Munch-Nygaard ..... f. 06.01.16  
 Tirill Sæthersmoen  
 Nordahl-Pedersen ..... f. 22.06.16  
 Leonardo Tveitnes Sørhaug ..... f. 05.06.14  
 Caspian Tveitnes Sørhaug ..... f. 26.03.16

## VIGDE

### Korreksjon frå førre kyrkjeblad

Vi skreiv i førre kyrkjeblad at Mariell Edvarda Haukeland & Andrius Pettersen vart vigde i Os kyrkje 16. april. Dette var ein beklageleg feil frå oss.

### Os kyrkje 28. mai

Lena Gjelsvik Halhjem &  
 Eivind Heggland Halhjem  
 Iselin Eide & Peter André Skumsnes  
 Kristin Lauvdal & Torgeir Gimse

### Os kyrkje 4. juni

Anette Dørmænen &  
 Kenneth Øyjordsbakken

### Os kyrkje 11. juni

Line Pettersen & Asbjørn Olsen  
 Mariann Dyrdal Stoknes & Asbjørn Hammer  
 Caroline Brandt Johannessen & Tim Lyssand  
 Rød

### Os kyrkje 25. juni

Merethe Hagevik Svendal &  
 Kjell-Stian Stensaker Rio  
 Gunnhild Eide & Kjetil Søvik

### Os kyrkje 2. juli

Renate Onstad & Bent Syver Ottervik  
 Amalie Hansen Vik & Bent Veseth Rivenes  
 Hilde Aspenes Sjøbø & Christoffer Andre  
 Haugland Asbjørnsen

### Os kyrkje 16. juli

Anna Garlid & Kristoffer Hjelle

### Os kyrkje 29. juli

Mari Haugland & Marius Schwarz

### Os kyrkje 30. juli

Camilla Kverndalen & Gaute Bech  
 Tonje Hjertnes &  
 Jon Sivert Sundøy Rykkel  
 Mona Frøystadvåg & Terje Bøthun  
 Susanne Mjøs & Stig Aamodt Wigum

### Os kyrkje 13. august

Tonje Catina Tyssebotn Mo & Morten Vatle  
 Lilletvedt

## DØDE

### Astrid Dale

f. 05.03.1936 - d. 11.05.2016

### Karla Lysøen Særvold

f. 09.04.1916 - d. 15.05.2016

### Dagny Audhild Mongstad

f. 30.12.1941 - d. 16.05.2016

### Lina Garvik

f. 10.04.1926 - d. 21.05.2016

### Reidar Skjeie

f. 04.12.1936 - d. 26.05.2016

### Kjellaug Kristine Møldrup

f. 01.02.1929 - d. 02.06.2016

### Grete Helen Storum

f. 15.08.1939 - d. 05.06.2016

### Audun Vangsnes

f. 19.02.1933 - d. 06.06.2016

### Anna Alette Fjellanger

f. 03.05.1933 - d. 07.06.2016

### Jan Isdahl

f. 24.02.1949 - d. 07.06.2016

### Leif Franke Aasberg

f. 09.08.1931 - d. 09.06.2016

### Karl Mikal Nesse

f. 08.05.1927 - d. 10.06.2016

### Kamilla Hallem Lepsoe

f. 22.04.1993 - d. 12.06.2016

### Per Einar Pedersen

f. 21.03.1944 - d. 13.06.2016

### Anna Maria Hansen

f. 07.12.1929 - d. 28.06.2016

### Oddvar Lauritsen

f. 03.06.1936 - d. 03.07.2016

### Solveig Skau

f. 27.10.1927 - d. 11.07.2016

### Marta Valle

f. 16.04.1913 - d. 12.07.2016

### Magnhild Strand Øvreeide

f. 18.08.1934 - d. 26.07.2016

### Elida Sælen

f. 28.09.1926 - d. 03.08.2016

### Jan Frode Brandt-Hansen

f. 05.02.1949 - d. 06.08.2016

### Laila Hansen

f. 19.12.1936 - d. 07.08.2016

### Hallgeir Forstrønen Bjørnevik

f. 04.05.1966 - d. 09.08.2016

### Magne Lunde

f. 06.07.1936 - d. 11.08.2016

### Olina Lepsoy

f. 31.12.1925 - d. 14.08.2016

### Karen Mathilde Hope

f. 12.09.1945 - d. 15.08.2016

## Kyrkjetunet i Os

Vi tar i mot Minnesamvær, dåps- og konfirmasjonsselskap, kurs etc. Lokaler med kapasitet opp til 80 personar. Vi tilbyr kjøken - og betjening i forbindelse med minnesamvær.

Kontakt oss på telefon  
 56572400 eller  
 post@os.kyrkja.no





## OS KYRKJE

- 04.09.16 kl.10.00: Dåp.  
04.09.16 kl.11.15: Nattverd.  
11.09.16 kl.11.00: Nattverd.  
18.09.16 kl. 11.00: Presentasjon av  
konfirmantar.  
Lovsong med band.  
25.09.16 kl. 10.00. Dåp.  
25.09.16 kl. 11.15: Nattverd.
- 02.10.16 kl. 11.00: Utdeling av  
4-årsbok. Dåp.  
09.10.16 kl. 11.00: Nattverd.  
16.10.16 kl. 10.00: Dåp.  
16.10.16 kl. 11.15: Nattverd.  
23.10.16 kl. 11.00: Nattverd.  
Kongshaug  
Musikkgymnas  
deltek.  
30.10.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.  
Konfirmantane  
deltek.
- 06.11.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.  
06.11.16 kl. 19.00: Aftansong. Os Vocalis  
13.11.16 kl. 11.00: Dåp. Lys Vaken.  
20.11.16 kl. 10.00: Dåp.  
20.11.16 kl. 11.15: Nattverd  
27.11.16 kl. 11.00: Nattverd.  
Speidarane deltek.
- 04.12.16 kl. 10.00: Dåp.  
04.12.16 kl. 11.15: Nattverd.



## NORE NESET KYRKJE

- 11.09.16 kl.11.00: Presentasjon av  
konfirmantar. Dåp.  
25.09.16 kl. 11.00: Presentasjon av  
konfirmantar. Dåp.  
09.10.16 kl. 11.00: Hausttakkefest.  
Utdeling av  
4-årsbok. Dåp.  
06.11.16 kl. 11.00: Minnegudsteneste.  
20.11.16 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.  
Avslutning for  
babysong og  
familiekoret Shubadubs  
27.11.16 kl. 11.00: Lys vaken.

## SØFTELAND BEDEHUS

- 18.09.16 kl. 11.00: Presentasjon av  
konfirmantar.

Sjå [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) for  
oppdaterte opplysningar.

# OS Kyrkjelyd

## TILSETTE:

### SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,  
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05  
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

### KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

### SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no  
tf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

### KYRKJEVERGJE/DAGLEG LEIAR:

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

### SEKRETÆRAR:

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

### UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

### KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 14, mob: 45275553

### DIAKON:

Jannike Gangstø Rogne, jgr@os.kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 06, mob: 915 89 614

### KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 11  
Anita Haugland Berge, ahb@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 09, mob: 990 26 544

### FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

### KYRKJELYDSPEDAGOG

#### BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

#### TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDER:

Hege Varhaug-Lekven, hvl@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 15, mob: 909 90 272  
Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

#### DRIFT AV KYRKJER/KYRKJEGARDAR:

Reidar Berge (mob 416 52 042),  
Trygve Helgesen og  
Linn Kjerstin Ø. Rondstveit



# Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:

**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

## BAKSIDA

### Fem små fingrer

Eg har fem små fingrer på kvar hand  
Eg kan slå dei saman og gjer sånn.

Når eg falder hender veit eg det:

EG KAN BE!

Alle dager kan eg be til han

Det kan alle barn i alle land

Jesus, ham har sagt han høyrer på

Sine små.



### Morroklompen

1: Veit du kva hage som ikkje  
treng å vannes?

2: Kva tau kan ikkje knytas?

3: Kva hadde Noas ark vore dersom  
det hadde vore ein rutebåt?



1: Barnehagen / 2: Fortauet / 3: Ruteark

## 1 desse skulestarttider: FINN 5 FEIL!

